

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord
Tid/Sted: Tysdag 18.04.17 kl 10.45 - kl 14.25 på Clarion Collection Hotel Grand i Bodø
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Bjørn-Arne Skoglund, Bente Børshheim, Ragnhild Engan, Merethe Sund og Arne Flatmo (for Svein Inge Jakobsen)
Forfall: Birgitte Rørvik Bruun og Fred Tore Fagereng
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 18. april 2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Arbeidet i AU Nord Svein ba om innspel fra AU på forventningar til arbeidet. Brit Kari orienterte om arbeidsoppgåver og forventningar, inkl Ny Giv i kretsarbeidet, ansvar for oppfølging av kretsar og etablering av ressursgrupper. Fordeling av ansvarskretsar vart diskutert. Brit Kari ber om innspel fra Fred Tore på forslaget, for evt vedtak pr mail eller i neste møte.	Brit Kari
	Oppnemning av ressursgrupper skjer i neste møte, og AU-medlemene førebur forslag. Brit Kari sender ut liste over RU-medlemene.	AU Brit Kari
	Innspel fra AU-medlemene pr dyreslag om kva som er dei største utfordringane, og korleis AU kan påverke til fordel for eigarane i Nord-Norge.	

Innspel/kommentarar:

- Forventningar til arbeidet i AU: Å få konkrete saker å jobbe med og kunne påverke. Som kretsleiar er ein mest aktivitetsleiar.
- Er eit hòl mellom AU og fagutvala, litt for adskilte boksar, må ha betre info flyt.
- RU-leiar og nestleiar bør kunne få referata frå fagutvala.
- På RU-møtet til hausten ha orientering frå fagutvala, både i separate møter pr dyreslag og ein kortversjon i plenum.
- Mykje fagaktivitet skjer i dag i regi av prosjekta «Kjøtt i Nordland» og «Økt grovförbasert kjøttproduksjon i Troms og Finnmark». Info m.a. på nettsida <http://www.kjottinordland.no/>
- Viktig med plan og overgang når prosjekta vert avslutta.
- Utfordringar pr dyreslag:
- Gris: Ikkje hamne i volummodellen så fort, handtere overskotssituasjonen, korleis regulere produksjonen
- Småfe: Verte kvitt lageret, største utfordinga å selje tilsvarande overskot til normal pris, utan å gå for langt ned i pris til produsent. Få forståing for at det vil ta lang tid å løfte pris til produsent, utan større auke i forbruket.
- Egg: Dyreversorganisasjon meiner det er misbruk av høns å ete egg. Utfordring med info til forbrukar om produksjonsform og behov for å produsere mat. Krav om frittgåande produksjon også utfording, samt økonomien.
- Storfe: Produksjonen, særleg i Nord-Norge, søkk. Importen av billegku forstyrre marknadssituasjonen.
- Tiltak: Vere aktiv med informasjon, på sosiale media, dele gode artiklar.

- Tillitsvalde må kunne svare på kvifor det ikkje finnast varer i butikk, når kjøpmann eller nabo spør.
- Ynskje om info om korleis tillitsvalde skal svare på sosiale media.
- Vere sakleg og etterretteleg på sosiale media. Ynskjer lett tilgang til info, t.d. gamle prislistar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 Evaluering av RU-møtet, samt oppfølging

Oppsummering av evalueringsskjema og oppfølgingsrapport var utsendt. AU drøfta oppfølging av diskusjonen om Nord-Norge trekket i RU-møtet.

Svein skal delta på møte med FoU-tema på NIBIO Holt i Tromsø 20.04, som Nordnorsk landbruksråd inviterer til. Han stilte spørsmål om det er aktuelt å gje innspel på å få vurdert ulemper med byggekostnad i regionen kontra landet elles. Kva det kostar å bygge og drive landbruk i Nord-Norge.

Innspel/kommentarar:

- Ynskjer at sakspapir til RU-møta vert lagt ut på nettet.
- På gris er det for nokre år sidan gjort berekning av kompensasjon gjennom distriktstilskot og driftsulemper
- Risiko å involvere forskingsmiljøa, då det vert offentlege dokument.
- For stor risiko for distriktstilskotet å gå vidare.
- Nortura bør gjere eigne berekningar på produksjon- og industriulemper, medan forskingsmiljøa bør oppfordrast til å sjå på byggekostnadane i regionen.
- Svein lagar forslag på brev til styret, som sendast AU.

Svein

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering, og vedtek å sende brev til styret om berekning av produksjon- og industriulemper.

3 Møteplan AU 2017

Møteplanen var utsendt. Møtedato for fysisk møte i august/september vart drøfta.

Innspel/kommentarar:

- Møte i september vanskeleg pga sinking.
- Mogeleg 30. – 31. august, alternativt 4. – 5. september. Brit Kari sjekkar AU Midt og fagutval.
- Ynskje om fabrikkbesøk i Målselv, overnatting i hytte.

Brit Kari

Vedtak: AU vedtek revidert møteplan for 2017.

4 Høyring av rekrutteringsstrategi for tillitsvalde i sentrale verv

Utsendt. Utsett frå møte 13.03.

Innspel/kommentarar:

- Må kunne vere lov å lære undervegs, skremer folk med å fokusere på at det er så komplekst
- Kurs og kompetanse kjem etter kvart, samt alle i eit styre treng ikkje å ha kunnskap om alt
- Viktig at alle vert involvert i sakene, i styreromet, og ikkje utanfor.
- Litt feil med for mykje fokus på formell utdanning, jf Svebestad utan høgare utdanning. Kravet til dyreslagsrepresentasjon og geografisk fordeling kan vere utfordrande begrensningar. Rapporten fokuserer for mykje på sentralstyre, bør ha meir fokus på å få fleire til å bidra på mellom- og kretsniivå.
- Som kretsleiar har eg fått følelsen av å vere kaffikokar og arrangere noko sosialt viktigast, opp til meg sjølv å gjere meir. Får ikkje betydningsfulle og konkrete saker å jobbe med.
- Nokon kretstillitvalde brukar ikkje AU, men andre forum.
- Viktig med god informasjon og opplæring av valkomitéen – må vite kva verva dei skal finne kandidatar til går ut på.

- Kvinner må delta fordi dei er interessert og engasjert, ikkje for å fylle opp listene.
- Viss begge brukarane kan vere registrert, ville det fått fram fleire, misser noko av interessa og engasjementet.
- Kvinnekonferanser er sært, men slike arenaer kan også få nokon til å tote å ta verv.

Vedtak: AU oversender innspela til adm.

Brit Kari

5 **Eventuelt**

Arne orienterte om brann hos formeringsbesetning på gris i natt. Arne, Merethe og Bente reiser på gardsbesøk etter AU-møtet.

Svein:

Livdyrformidling: I Finnmark spesielt lagt ut på Facebook pga av at Nortura ikkje fungerer. Kva er årsaka til det? Arne svarte at det er vanskeleg for livdyravdelinga å omsetje dyr som ikkje er meldt inn for sal.

Ragnhild:

Byggrådgjevar er veldig opptatt og med liten erfaring, m.a. på rimelege bygg. Vanskeleg å få tilgang. AU bør ta det vidare.

Arne orienterte om at han og Svein Inge har avtalt møte med Fylkesmannen i Troms for vidareføring av prosjektet «Økt grovfôrbasert produksjon i Troms og Finnmark». Må vere meir målretta og spesifikt enn noverande, eit prosjekt i kvart fylke.

Konklusjon: AU bør skrive eit brev til styret og peike på behov for større fokus og meir ressursar til storferådgjeving.

Svein/
Brit Kari